

Anders Eidsnes
Eidsnesvegen 93
5913 Eikangervåg

Eidsnes 11.07.2019

Lindås kommune
Plan- og miljøutvalet,
Kvernhusmyrane 20,
5914 ISDALSTØ

MERKNAD TIL AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN – Småbåthavn 215/31 m fl.

Viser til høyringsutkast kommunplanen sin areladel 2019-2031.

Det var gledeleg at innspelet var med vidare i planarbeidet i fjor haust, men registrerer no at tiltaket likevel ikkje er tilrådd. Det er gode grunner for at de kan vurdere innspelet pånytt og tilrå positivt i saka.

Vedlagte kopi av vurderinga frå kommunen er i mine auge mangelfull og feil. De skriv at "utviding av arealet kan truleg koplast til behovet for å etablere tiltak lenger ut i vika". Eksisterande området innerst i vika ikkje er eigna for noko større utviding, knapt nok eigna for fellesbrygge i det heile. Intensjonen med det allerede regulerte området var aldri ei større felles bryggje, i motsetnad til det nye innspelet.

De skriv og at parkering er vurdert som utfordrande. Det kan lett leggjast til rette for parkering i området, men dette er ikkje nøydsynt. Det er i dag 10-15 eigarar med rettigheter for båtplass og halvparten har 300 meter eller mindre å gå, den andre halvparten kanskje max 600m avstand til fjorden. Etablering av parkering er ikkje nøydsynt!

Etter nærare arbeid med denne saka finn me at de djupaste og mest idelle området ligg ytterst i vågen, og med fordel kunne innspelet vore utvida nokre få meter mot sør/vest. Sjå vedlagte teikning.




Oppsummering

- Det vert anmoda om at innspel om småbåthavn på Eidsnes vert inkludert i kommuneplanen.
- Eksisterande regulert området er ikkje eigna for mange båtar.
- Eksisterande regulert området er ikkje eigna for utviding.
- Eksisterande regulert området er ikkje eit fellesprosjekt.
- Eksisterande regulert området ligg midt i leia av ein straum (kanal under fylkesvegen)
- Nytt forslag vil ikkje ha behov for parkeringsanlegg
- Nytt forslag er eit fellesprosjekt der mange kan ha glede av felles bryggje.
- Nytt forslag lenger ute i bukta vil lett koblast til "utstikket" utan store inngrep i strandsona.
- Den ytterste delen av vika er mykje meir eigna for felles bryggjeanlegg pga den smale og grunne vika med både skjær og straum.
- Intensjonen med regulert areal for småbåthavn vert ikkje nådd utan ei utviding av arealet.

Ta gjerne kontakt for spørsmål. Håpar på positiv respons.

Mvh.

Anders Eidsnes
Eidsnesvegen 93
5913 Eikangervåg
480 79 470

SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG – YTRE EIDSNES			
<p>Gbnr.: 215/31 m.fl. Føremål dag: Areal storleik: 15 daa Forlagstillar: Anders Eidsnes m.fl.</p> <p>Omtale av området: Omsøkt areal ligg i ei lita lun og grunn brukt ved fylkesvegen på Eidsnes. Føreslått omdisponert til småbåtanlegg, med utviding av eksisterande areal for småbåthamn med 50-100 m sprøver. Landgang og felles fytebrygge.</p> 			
Tema	Konsekvens	Merknad	
Overordna strategiar/samfunnsdel/planprogram		I tråd med fastsatt avgrensing av kva innspel på naust og småbåthamn-områder ein opna opp for i planarbeidet. Kan vere i strid med nasjonale og regionale føringer for forvaltning av strandsona.	
Forureining, klima og miljø		Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utslappa av klimagassar noko. Ingen kjente konflikter med anna forureining.	
Landbruk og jordressursar		Skog og open fastmark.	
Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag		Eikangervågen; marin naturtype bløtbnnsområder i strandsona. Art av stor forvaltningsinteresse; fiskemåke. Arter av særlig stor forvaltningsinteresse; lappfiskand, bjørkefink og bergand.	
Landskap		Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. Lita vik som ligg skjerna for innsyn frå fjorden.	
Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv		Ikke del av kartlagt friluftsområde.	
Klimatilpassing		Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder.	
Strandsone		Delvis nedbyggt strandsone. Etablering av parkering i strandsona vert vurdert som konfliktfritt.	
Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner		Ingen kjente konflikter.	
Sosial infrastruktur		Ikke relevant.	
Transportbehov		Antas å vere bilbasert fordi brukarane ikkje må vere frå nærområdet, men aukinga i transportbehov vert vurdert å vere avgrensa.	
Teknisk infrastruktur veg, vett og avløp (VA)		Tilkost frå privat veg frå Fv. Eidsnesvegen. Spørsmål rundt tilkomst og parkering.	
Samfunnsryggleik, risiko og sårbarheit		Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse.	
Folkehelse		Ingen kjente konflikter.	
Barn og unge		Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår.	
SAMLA VURDERING			
Eksisterande område for småbåthamn (innerst i vika) var lagt inn ved førre rullering av KPA. Det er langgrunnt i området, og omsøkt utviding av arealet kan truleg kopiast til behovet for å etablere tiltak lenger ut i vika. Etablering av parkering er vurdert som utfordrande, og kan gje uønska tiltak i strandsona.			
TILRÅDING			
Innspelet vert ikkje tilrådd.			